

## **Saksprotokoll i hovudutval for kultur, idrett og integrering - 12.10.2021**

**Øyvind Strømmen, MDG**, sette på vegner av MDG, A, V, SP og SV fram slikt tilleggsforslag til punkt 2:

«Tilleggsforslag til punkt 2

Vestland fylke er uroa for konsekvensane av veksande hjortebestand i fylket.  
Fylkeskommunen meiner miljødirektoratet må vurdere andre regulatoriske verkemiddel enn jakttid for å redusere hjortebestandane.»

### **Avrøysting**

Fylkesdirektøren sitt forslag vart samråystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.  
Strømmen sitt tilleggsforslag til pkt. 2 vart vedteke mot 1 røyst (Karstein Birkeland, GP).

### **Innstilling til fylkesutvalet**

1. Vestland fylkeskommune støttar dei føreslegne endringane i forskrifta, med unntak av innskrenka jakttid på kråke.
2. Vestland fylkeskommune viser til at Miljødirektoratet har gitt høve til å kome med innspel på heile forskrifta, og føreslår utvida jakttid på hjort, avgrensa til innmark, i periodane 20.08.-31.08. og 01.01.-31.01. Den utvida jakttida vert grunngitt med behov for betre høve til å ta ut hjort som gir beiteskade. Avgrensinga av den utvida jakta til innmark er av omsyn til andre naturbruksinteresser og ro for dyra. Vestland fylke er uroa for konsekvensane av veksande hjortebestand i fylket.  
Fylkeskommunen meiner miljødirektoratet må vurdere andre regulatoriske verkemiddel enn jakttid for å redusere hjortebestandane.
3. Vestland fylkeskommune føreslår at jakttida på hjort vert sendt på ny høyring i Vestland fylke med to alternativ, enten uendra jakttid på hjort i fylket eller utvida jakttid som føreslått i vedtaket pkt 2.